

Framleis uavklart om Dønhaug-brua

17.11.2010



Dette er den mislukka løfteoperasjonen i oktober 2009. Brua fall ned og vart delt i 3. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det over 5 år sidan bruia til Magne Huglen ovanfor Dønhaug-hølen var rive ned av flommen - det skjedde i september 2005.

Men framleis er det uavklart når bruia vil vera på plass att,

No er det ein uavklart situasjon mellom Huglen og forsikringsselskapet Gjensidige som forseinkar saka.

- Eg skal ha opp att bruia, det er viktig for meg.
Men no ventar eg på ei klargjering frå forsikringsselskapet.
Taksten er klar, men
eg er ikkje samd i det beløpet selskapet har kome fram til,
opplyser Huglen til uskedalen.no.

Han meiner at det vil kosta vel 300.000 kroner å få opp att bruia
Gjensidige som representerer kranselskapet
som gjorde ein mislukka løfteoperasjon
i oktober 2009, har teke på seg ansvar for det som skjedde.

Men dei har regna ut erstatningsbeløpet på ein annan måte
enn Huglen meiner bør vera den riktige. Difor er det
eit betydeleg sprik mellom dei to summane.

- Der står saka i dag. Om nødvendig får eg søkja juridisk bistand
for å komma vidare, seier Magne Huglen.

Av Ola Matti Mathisen